

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 53/2006

Møtedato: 1.11.06

Arkiv nr: S 878

S 878, Lykkjestølen – søknad om uthus og grillhus

Oddbjørn Fauske søker om å få føre opp nytt uthus (28 m²) og grillhus/badstogo (6 m²) på Lykkjestølen. Teikningar og kartskisse er lagt ved søknaden.

Stølen er i bruk etter fjellova og skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:
Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggast fram for Statskog til fråsegn.

Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

Statskog gir i brev datert 27.10.06 følgjande uttale:

Viser til søknad om uthus og badstue/grillhus med teikningar oversendt Statskog for uttale.

Det søkes om 28 m² stort uthus og 6 m² stor badstue/grillhus til stølen.

Stølen benyttes for ammekyr og ungdyr.

Vi har registrert følgjande bebyggelse i seterregisteret:

Hustype	Byggeår	SumAreal
Uthus/skåle		19
Fjøs		150
Seterbu		95

I henhold til Forskrift om seter og tilleggsjord m.m. § 13 "kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter". I følge seterregisteret er det allerede et uthus på 19 m² på denne stølen, og basert på de beskjedne opplysningene i søknaden kan ikke Statskog se behovet for det omsøkte uthuset i relasjon til jordbruket på stølen. Dersom fjellstyret allikevel skulle finne at det er behov for det omsøkte uthuset, bør et krav om at bebyggelsen ikke skal innredes for beboelse være et minimum.

Når det gjelder den omsøkte badstue/grillhus på 6 m² synes det vanskelig fra vår side finne argumenter for at dette medfører en mer rasjonell utnytting av utvist seter. Vi tilrår derfor at fjellstyret holder fast ved sin praksis med å ikke tillate slike bygg.

Oppland fylkeskommunen er bedt om merknader til søknaden og har ikkje kome med merknader.

I stølsregisteret står det feil opplysningar. Det er ikkje uthus og fjøs på stølen i dag. Søkjaren har tidlegare fått løyve til bygging av fjøs/mjølkestall og uthus, men dei er ikkje ført opp. Byggeløyve fell bort etter tre år. Søkjaren opplyser i brev datert 22.11.05 at han brukar stølen til beite med ammekyr og ungdyr. Det er derfor ikkje aktuelt med mjølkestall lengre. Det er berre sel som er ført opp på stølen. Det står i tillegg eit par brakker på stølen. Statskog må rette opplysningane i stølsregisteret.

Vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for uthus og godkjenner søknaden etter § 13 i stølsforskriftene. Løyvet blir gjeve på vilkår av at dei to brakkene som står på stølen blir fjerna. Uthuset kan ikkje innreist til buføremål. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan tre år fell løyvet bort.

Fjellstyret er samd med Statskog at grillhus ikkje er nødvendig for utøving av stølsdrifta og avslår denne delen av byggesøknaden.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 3.11.06

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Oddbjørn Fauske, Statskog, Vestre Slidre kommune